




Ingo Morgang på tenorsax.



Wolfgang Duschnig var ein av dei første som kom med i Vienna Art Orchestra.



Karl Fian — med høg lyd i trompeten.



— Kall det jazz eller «sosial musikk»?

# -Eit namn må

**MOLDE (Klassekampen):** — Miles Davis er sikkert ein hundre gonger betre musikk enn eg, men eg veit ikkje om han er så sosial. Eg trur eg er meir sosial enn Miles.

Tekst og foto: ROALD HELGHEIM

Mathias Rüegg (33) smiler. For to år sidan kom han og Vienna Art Orchestra til Molde, ukjent for dei fleste. Kulturhuset sto på ende etterpå, og festivalleinga inviterte fluksens Rüegg og Do attende ved første høve. Vi møtte Rüegg dagen etter ein ny stor Molde-konsert, same dag som Miles Davis kom til byen. Og det er Miles Davis som har gått til åtak på bruken av begrepet jazz. — Når ein musikk seier: «Eg spelar jazz», what the fuck is that? spør Miles, som heller kallar det Social Music, sosial musikk.

— Om 30 år kjem folk ikkje til å spørje etter kva vi kalla musikk vår. Eg kallar det Vienna Art Orchestra spelar jazz. Visse kategoriar må vi ha for å skilje musikk-tenar frå kvarandre, sjølv om grensene kan vere flytande.

Vienna Art Orchestra — dette bandet som i løpet av to år har revolusjonert oppfatninga av kva storband-jazz er, vart til i 1977, nær- mast ved ein happening. Rüegg er sjølv lærar ved akademiet i Wien. Han har klassisk utdanning. Det byrja med han og saksofonisten Wolfgang Puschnig, men det enda med 17 musikkarar. Sidan har fenomenet Vienna Art Orchestra samlast regelmessig, for prosjekt, konsertar eller turnear, og for å lage LP-plater. Det er eit band i stadig fornying, med nytt stoff for kvar turné. Dei fleste av musikkarane har vore med det meste av tida, men er samstundes opptatt kvar på sin kant. Vienna Art Orchestra gjenoppstår til kvar turne eller prosjekt. Til hausten er det Wien Symfoniorkester som skal framføre eit verk av Rüegg. Så skal han skrive opera for Wienfestivalen i 1987, og same år er neste turne for Vienna Art Orchestra. — Det blir ein verdensturne, seier Mathias Rüegg, som også har danna Vienna Art Choir.

**Plater**  
Vienna Art Orchestra har gjeve ut fleire LP-plater, med stor spennvidde. Ei er



Visse kategoriar må vi ha for å skilje musikkgenrar frå kvarandre, seier Mathias Rüegg.

bygd på den franske komponisten Eric Satie, ei heiter «Suite for the Green Eighties». På «From No Time to Rag Time» har Ruegg arrangert musikk av Anthony Braxton, Scott Joplin, Ornette Coleman, Roswell Rudd m.fl. «The Minimalism of Eric Satie» kom i 1984. I fjor haust var bandet på turne i USA med programmet Live at The Dead Sea, som no ligg før på plate. Til hausten kjenner «Perpetuum Mobile».

**USA**  
— Korleis tok det ameri-

kanske publikummet mot musikk dykkar?

— Det var ein vellukka turne, publikum var av same slag som her.

— Har du ein slags musikkalsk filosofi bak dette bandet?

— Musikken er min profesjon, men vi er også menneske. Bandet er eit slags sosialt system der vi tar vare på kvarandre. Vi har lik lønn, men folk med barn får meir om dei har bruk for det. Vi legg vekt på å ta vare på kvart medlem i bandet. Vi spelar ikkje kommersiell musikk. Elles kan du kalle musikk vår kva du vil, seier Rüegg, som til Molde hadde med 12 mann og ei kvinne, vokalisen Lauren Newton, som kjem frå USA.

## Å tene

— I eit intervju i eit tysk jazzblad snakkar du om jazzens tenande funksjon. Kva legg du i det?

— I ei tid då det er så mykje snakk om å «verkeleggjere seg sjølv» og alle tenkjer berre på sitt og å hevde seg sjølv, tykkjer eg det er viktig å framheve dei som tenkjer på kollektivet, som er lukkelege berre dei kan hjelpe til med å halde kollektivet — i dette tilfellet bandet — saman. Ta Freddie

Green, gitaristen til Count Basie. Han er ein slik tenar. Slike folk har dei fleste band, folk som ikkje ønskjer å spele solo, men som ser på sitt bidrag til å «keep the band together» som viktig. Ta trommeslagaren i vårt band, t.d. Han er svært opptatt av dette. Ein må ta vare på det beste i kvar musikk, på ulike nivå, ut frå ulike hldningar.

— Er det mange ekshibisjonistar i bandet ditt?

— Her er ein del av dei, fli- rer Rüegg.

## Politikk

— Du fortel ein anna stad at du har vakse opp i kristent miljø, er ikkje kristen sjølv, men at både kristendomen og marxismen har påverka deg?

— I spørsmålet om toleranse, ja. Eg prøver å forstå kva som foregår. Eg er ingen politikar, men ser på meg som ein politisk person, t.d. sterkt engasjert i kulturpolitikken i Austerrike. Men eg er meir sosial enn politisk.

— Men du likar ikkje begrepet «sosial musikk»?

— Kjenner du forfattern Elias Canetti? Han seier at ikkje noko språk har noko uttrykk for samtidsmusikk. På tsjekkisk finst eit ord som

heiter *hutba* eller noko slikt, som uttrykker noko av dette. Men orda du nyttar er ikkje så viktig. Om du kallar det *hutba*, musikk, jazz — om 30 år vil ikkje folk bry seg om det. Men det trengst kategoriar, det er vitterleg eit skilje mellom amerikansk folke- musikk og barokkmusikk t.d. Ingen veit heilt sikkert kva ordet «jazz» kjem frå, men det blir opprinnleg knytta til eit fransk ord som betyr noko i retning av å *jage*. I det ligg det noko aktivt, noko som er i bevegelse.

## Røter

— Du har sjølv ein del klassikarar på reportoaret, «Jelly Roll» av Mingus, «Thelonius Monks «Round Midnight»?

— Det aller meste skriv eg sjølv. Eg går til den musikaliske historia både med respekt og med eit ope sinn. Eg prøver å fortelje klassiskfolk at jazz er viktig, og omvendt. Vi har spelt jazz på elles reine klassiske festivalar. Eg skulle gjerne ha gjort meir av slikt. Slik sett er det viktig å bryte ned barrierar mellom dei ulike musikkformene.

## Round Midnight

— Mellom dei få komposisjo-



om 30 år vil ikkje folk bry seg om kva namn du sett på musikken din, seier Mathias Rüegg, komponist og musikalsk leiar for Vienna Art Orchestra.

# musikken ha

name du altså ikkje har skrive sjølv er Thelonus Monks «Round Midnight» som du har arrangert spesielt for Vienna Art Orchestra. Kva er det med denne komposisjonen som gjer at han står sentralt i alle jazzmusikarars reportoar?

— Det er ein magisk komposisjon, noko av det ypperste som er skrive. Her er ikkje meir å føye til, det er nesten på kanten å improvisere. Vårt arrangement er skrive spesielt for flugelhornisten Herbert Joos, og bortsett frå piano-introduksjonen ligg han svært nær originalen.

## Rock

— Likar du rock?

— Eg likte 60-tallsrocken. Dagens rock tykkjer eg ofte er for teknisk og for kald. Eg likte Jimi Hendrix, men har ikkje noko forhold til Dire Strait, t.d. Jazzrock, derimot, og der har du jo Miles Davis. Tina Turner er bra. Eg likar alle som skugar musikken i framgrunnen, seier Mathias Rüegg, som no vender nasa heim til Wien, til Wien Symfoniorkester, før han gir seg operaen i vald eit par års tid. Men Vienna Art Orchestra dukkar opp att, når tida er der.

## BLUES-SJEFEN

**MOLDE (Klassekampen):** — Eg syng alltid med attletne augo. Det kjem frå gamle dagar då dei kasta egg og tomatar på deg. Men det er ei god stund sidan no.

Når B.B. King sa dette veit vi ikkje, men han har sagt det. Riley B. King, som er døypenamnet hans, fyller 60 år til hausten, men har ikkje planar om å leggje inn årane. — I'm on the road 300 days a year, seier han. Og Molde-turen er ein del av ein stor Europa-turné. Han møter pressa her i Molde på ein noko mindre amper måte enn Miles Davis og svarar villig vekk. Om han deltar i politikk? — Eg jobba både for Jesse Jackson og Mondale. Men det amerikanske

folket sluttar opp om presidenten sin anten dei har stemt på han eller ikkje. Så Reagan er også min president, seier B.B. King, og har ikkje snev av ironisk glimt i augo. Spørsmålet om politisk engasjement byrjar å bli standard — til svarte musikarar. Som om dei skulle vere ein eigen politisk rase. Men Live Aid var noko av det største som har skjedd, seier B.B. King, som også har sunge blues i Sovjet. — Dei likte blues like godt der som her, seier han lakonisk. Han li-



— Som bluesmusikar er eg ein stor fisk i ein liten dam, som musikar er eg ein liten fisk i ein stor dam, seier B. B. King.

kar jazz, han likar rock, men han spelar blues. — Som bluesmusikar er eg ein stor fisk i ein liten dam, som musikar er eg ein liten fisk i ein stor dam, seier B.B. King.

Og med B.B. King frå Mississippi fekk ein fullstappa idrettshall her i Molde det han ville ha. Å dra opp stemninga i salen, det kan B.B. King og bandet hans,

og det vanka blomar frå store og små jenter på første benk. B.B. King er ein ekte blues-songar, men også show-mann. For blues er jo musikalsk sett noko av det enklaste, det mest banale, som står eller fell med utøvaren. Og med B.B. King sto det som ein påle, og vi sto alle og trampklappa og ville ha meir, og det fekk vi. To timars

full utblåsing, og ein B.B. King som for ein gongs skuld hadde hatt ein kviledag eller to før konserten var i storform, takka for den varme mottakinga og fine behandlinga han hadde fått her i byen som visseleg er full av roser, sjølv om somme heng litt i regnet. «Everyday I have The Blues», syng B.B.